



# Innhald

---

Del I: Styrets årsmelding	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Del III: Aktivitetar og resultat 2017	10
Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning	11
Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	14
Sektormål 3 – God tilgang til utdanning	16
Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgere utdanningssektor og forskingsystem	17
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	20
Del V: Vurdering av framtidssikter	22
Planar for 2018	23
Større byggeprosjekt	29
Budsjettrammer 2018	29
Del VI: Årsrekneskap 2017	30
Vedlegg: Rapportering av status og aktivitet likestilling og mangfald	56

Volda is the place  
you'll never forget

## Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00  
potmottak@hivolda.no

hivolda.no  
facebook.no/hivolda  
@hivolda (Instagram og Twitter)

**Trykk**  
Printing As

**Opplag**  
100 stk.

**Framsidedfoto:**  
Marius Beck Dahle

**Foto:**  
Marius Beck Dahle, Eirin Myklebust, Dagfinn Graneng







## Del I: Styrets årsmelding

### Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing i 2017

Høgskulestyret seier seg nøgd med å ha nådd måla om innføring av ny 5-årig grunnskulelærerutdanning og framdrifta med nytt mediebygg. Framover vil det bli arbeidd med å betre gjennomstrøyminga på masterutdanningane og å auke dei eksterne inntektene.

Styret har i 2017 hatt 8 styremøte. Eitt av desse vart gjennomført som telefonmøte. Strukturprosessen og grunnskulelærerutdanningane har vore oppe som sak eller til orientering på alle styremøte. Høgskulestyret har vedtatt at høgskulen skal halde fram med valt rektor som styringsordning. Det vart tilsett ny høgskuledirektør i juni 2017 i eit åremål på 6 år.

Dei tilsette ved Høgskulen i Volda utførte i 2017 ca 326 årsverk, mot 320 årsverk i 2016. Dei samla driftsinntektene var i 2017 på kr 388 mill mot 363 mill i 2016. Ordinært driftsresultat var på ca 17 mill. Dei samla avsetningane er i 2017 på kr 75 mill, mot kr 58 mill i 2016.

Dei tilsette har over tid fått stadig høgare kompetanse. I 2017 hadde 53 prosent av alle fagleg tilsette førstekompetanse. Styret er særleg nøgd med at det har vorte fleire kvinner med toppkompetanse og at kvinner no utgjer 24 prosent av alle tilsette i professor og dosentstillingar.

Vi har eit godt studietilbod som møter både regionale og nasjonale behov for livslang læring og gir god tilgang på grunnutdanning og vidareutdanning gjennom gode kombinasjonar av undervisning på høgskulen og undervisning på nett.

Hautsemesteret 2017 hadde Høgskulen i Volda 4 184 studentar.

Det er fleire studentar enn nokon gong, og første gong høgskulen har fleire enn 4 000 studentar. Viktige forklaringar på dette er styrka marknadsføring, auka søknad både i samordna opptak og i lokalopptak og auka satsing på vidareutdanning av lærarar i samarbeid med regionale aktørar.

Høgskulen har nedgang i resultatata i Studiebarometeret for 2017 og har også ein nedgang i gjennomføringsgrad på bachelorstudia. Vi har heller ikkje klart å auke gjennomføringsgraden på masterstudia. Vi har ikkje lukkast med å skaffe oss meir eksterne midlar gjennom bidrags- og oppdragsaktivitet (BOA). Vi har også problem med å rekruttere toppkompetanse på nokre viktige fagområde.

Høgskulen i Volda er framleis blant høgskulane med størst internasjonal utveksling.

### Tilhøve som har påverka resultatata

Det er ikkje eit mål for Høgskulen i Volda å auke talet på studentar, og høgskulen har heller ikkje fått auka budsjett i form av nye studie-plassar i 2017.

Møre og Romsdal ligg klart under landsgjennomsnittet i andel av innbyggjarar med høgare utdanning. Problema i delar av næringslivet i regionen kan ha fått fleire til å studere ved Høgskulen i Volda der kandidatatar frå dei fleste studium er sikre på å få jobb.

Avsetningane ved Høgskulen i Volda har dei siste åra auka meir enn budsjettet og har i 2017 kome opp i over 20 prosent av løyvingane. Avsetningane har bygd seg opp på grunn av god og varsam drift og god tilgang på studentar. Men avsetningane har også auka fordi det ikkje har vorte tilsett nok folk til å halde tritt med tilgangen på



studentar. Midlar til statlege satsingar har i mange høve kome seint i budsjettåret og kan også bidra til at fleire blir tilsette i mellombelse stillingar.

### Prioriteringar for 2018

Studiekvalitet vil stå høgst på styrets dagsorden i 2018. Styret vil arbeide med studiekvalitet gjennom revisjon og oppfølging av systemet for studiekvalitet, utvikling av pedagogisk basis-kompetanse og meriteringsordning for undervisning. Høgskulen vil samarbeide med andre institusjonar på desse områda. Styret har også merka seg ordninga med studentombod som er på veg inn i sektoren.

Ei stor sak for høgskulen i Volda i 2018 blir planlegging av nytt undervisningsbygg, som særleg skal nyttast av mediefaga. Prosjektet har arbeidsnamnet «Sivert Aarflot-huset» og prosjektet vil bli lagt fram som regjeringsnotat hausten 2018.

Delar av undervisningslokala treng oppgradering og må også tilpassast betre strukturen i undervisninga og studentgruppene med tanke på gruppearbeid og samlingsbasert undervisning, og nye krav

til universell utforming. I åra som kjem vil dette bli samordna i ein ny campusutviklingsplan, gjennom nybygg for mediefaga og ombygging av andre hus.

Høgskulen i Volda har inngått ein treårig samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen for 2017-2019 og vurderer i 2018 å utvide avtalen. Vi vil halde fram samarbeida i UH Nett Vest og med andre UH-institusjonar, særleg i Møre og Romsdal.

Høgskulen har hatt uendra avdelingsstruktur med fire avdelingar sidan 2007. Høgskulestyret har starta arbeidet med å vurdere avdelingsstrukturen og vil gjere vedtak om dette i 2018. Høgskulestyret vil i 2018 også vurdere studieportefølje og framtidige kompetansebehov.

Styret følgjer nøye med på utviklinga i avsetningar og vil også sjå avsetningane i samanheng med arbeidet med revidering av budsjettmodellen som starta i 2017 og som vil få verknad for 2019-budsjettet. Styret er ikkje nøgd med resultatata for BOA (bidrags- og oppdragsaktivitet), men ventar at ordningar med såkornmidlar, forskingsgrupper og prosjektmobilisering vil betre dette.

Volda, 8. mars 2018, Høgskulen i Volda ved styret

  
Johann Roppen


  
Jens Standal Groven

  
Tor Johan Ekeland

  
Janne Heggvoll

  
Kjell-Einar Dagfinrud

  
Marie Havnsund

  
Nikolai Hannevik Nordlid

  
Nils Peter Skeide

  
Inger Østensjø

  
Terje Heggem

  
for Kristin Marie Sørheim



## Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

### HVO sin visjon er Kunnskap for framtida

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Strategiplanen for 2017-2020 seier at HVO skal:

- tilby solide masterutdanningar for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Norge
- i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forskning på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilbodet på ph.d.-nivå i helse- og sosialfag saman med Høgskulen i Molde og satse på tverrfagleg helse fremjande kompetanse

### Forskning og utvikling (FoU)

HVO har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Høgskulen har 219 faglege årsverk. Over 50 prosent har førstekompetanse og denne delen har auka dei siste åra.

Dei strategiske satsingsområda for FoU er nye grunnskulelærarutdanningar (GLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i medie- og ph.d.-utdanninga.

### Studietilboda

HVO tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekkje årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett. Høgskulen har følgande mastergrader: Grunnskulelærarutdanning for 1. – 7. trinn (masterfordjuping i faga norsk, matematikk og spesialpedagogikk), Grunnskulelærarutdanning for 5. – 10. trinn (masterfordjuping i faga norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og spesialpedagogikk), Kulturmøte, Helse og Sosialfag - Meistring og myndiggjering, Nynorsk skriftkultur, Samfunnsplanlegging og leiing, Undervisning og læring og Master in Media Practices. HVO tilbyr ph.d. i helse og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde.

### Fleksible studieformer

Med om lag 1.000 nettstudentar er HVO ein stor tilbydar av nettstudium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid eller studium og andre aktivitetar.

### Internasjonalisering


HVO har eit aktivt og internasjonalt engasjement, og er blant dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har omlag 120 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. HVO tek kvart år imot om lag 200 studentar frå heile verda.







## Organisering



### i

Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande 11 medlemmer: Rektor, prorektor, to medlemmer valde blant tilsette i undervisnings- og forskarstilling, eitt medlem valt blant dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmer valde blant studentane og fire eksterne medlemmer utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskulen i Volda har vald rektor og rektor er derfor også styreleiar.

Høgskulen i Volda har fram til 31.12.2017 vore vertsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Frå 1.1.2018 er senteret overført frå Utdanningsdirektoratet til høgskulen.

## Hovudtal

	2015	2016	2017
Årsverk i alt (inkludert Nynorsksenteret)	306	320	326
Årsverk i faglege stillingar	202	214	219
Studentar	3 998	3 848	4 184
Studiepoengproduksjon i alt (heiltidsekvivalentar)	2 535	2 542	2 613
Doktorgradsdisputasar	5	5	2
Driftsinntekter i alt (mill. kroner)	353	363	388
Løyving frå Kunnskapsdepartementet (mill. kroner)	319	325	351



## Del III: Aktivitetar og resultat 2017

Overordna er Høgskulen i Volda rimeleg nøgd med resultatata for 2017. Vi har gjennomført dei aktivitetane vi sette oss føre, men ser at vi ikkje har fått dei ønska resultatata på alle områda. Vi er særleg nøgd med rekruttering av studentar der vi for fyrste gong hadde fleire enn 4 000 studentar. Vi er også særleg nøgd med utviklinga i del kvinner i toppstillingane våre, der vi har auka frå 19 prosent til 24 prosent det siste året. Høgskulen er ikkje nøgd med resultatata på studiebarometeret i 2017, og har satt i gang tiltak for å betre resultatata.

Resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametra blir kommentert under kvart sektormål.

### I 2017 har HVO hatt fire hovudsatsingar:

#### 1. Dei nye grunnskulelærerutdanningane (GLU)

5-årig GLU er kome godt i gang. Vi er brukbart nøgde med opp-taket, som viser ein oppgang på GLU 1-7 og ein liten nedgang på GLU 1-5 frå 2016 til 2017. Toppkompetanse innanfor didaktikk var eit krevjande punkt i arbeidet med akkrediteringa. Vi løyste dette gjennom intern kompetanseheving og ved å knyte til oss eksternt kompetanse i professor II-stillingar. Dette har styrka våre nasjonale og internasjonale nettverk og har også gitt auka prosjektaktivitet på området.

#### 2. Planlegging av nytt mediebygg

Planlegging av nytt mediebygg i samarbeid med Statsbygg er i rute. Planen om å bygge eit sambruksbygg med kultursal og visn-

ingssal for Volda kommune er lagt bort, då kostnadene blei for høge for kommunen. Dette gjer prosjektet enklare og mindre risikabelt. Prosjektet er eit kurantprosjekt, og skal ut på anbod våren 2018. Prosjektet vil bli fremja i regjeringsnotat hausten 2018. Mediebygget skal vere innflyttingsklart til årsskiftet 2020/2021.

#### 3. Betre gjennomstrøyming på masterutdanningane

Hausten 2017 blei det vedtatt ein handlingsplan for å betre gjennomstrøyminga på masterutdanningane, men Høgskulen i Volda har foreløpig ikkje nådd målet. HVO har mange studentar i vaksen alder, med familie og jobb ved sidan av studia. Av dei statlege utdanningsinstitusjonane har vi den nest høgaste gjennomsnittsalderen blant studentane. Eit sentralt tiltak for å auke gjennomstrøyminga har vore å etablere erfaringsbasert master, som er betre tilpassa studentar i ein slik livsfase. Søknad til NOKUT om å etablere ein erfaringsbasert master i samfunnsplanlegging blei sendt i februar 2018, og vi vurderer å starte ein erfaringsbasert master for GLU.

#### 4. Auke i eksterne inntekter

Høgskulen har ikkje nådd ønska vekst i bidrags- og oppdragsverksemda (BOA) i 2017. BOA-inntektene for 2017 var på 23,8 mill. kroner, og dette er ein nedgang på 3 prosent frå 2016. Det er særleg den største avdelinga, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanningar (AHL) som har hatt ein nedgang, medan Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag har hatt ein auke.

## Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning

### Nasjonale styringsparametrar

- Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk (Tal for 2017 ikkje tilgjengelig)
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk
- Del utreisande utvekslingstudentar på Erasmus+ av samla tal studentar

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

### Styringsparametrar

- Tal primær søkerar i samordna opptak
- Tal primær søkerar per studie plass
- Tal nye studentar på GLU

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har hatt ein auke i tal søkerar gjennom Samordna opptak og i tal primær søkerar per studie plass, og har for første gong passert 4 000 studentar. Det er eit mål for høgskulen å auke søkerantalet ytterlegare, men vi ønskjer ikkje å auke samla tal på studentar då vi har nådd kapasitetsgrensa på campus.

Samordna opptak viste ein oppgang i søkerar på 8,6 prosent. Alle utdanningsområda ved HVO hadde ein auke, bortsett frå kulturfaga og mediefaga. Auken i tal søkerar kjem blant anna av at høgskulen jobbar målretta med rekruttering. Av tiltak kan ein nemne ny studentretta vev hausten 2017, auka nærvær i sosiale media blant anna med 18 korte filmar om tidlegare studentar ved HVO, og informasjonsarbeid på utdanningsmesser og skular både nasjonalt og regionalt. Vi ser ein auke i treff på hivolda.no på 30 prosent, og ein auke på 10 prosent i unike visningar av studiekatalogen på nett frå 2016 til 2017. Om lag 60 prosent av søkerane til HVO gjennom samordna opptak kjem frå regionen, men utdanningar som mediefag og kulturfag rekrutterer godt nasjonalt. Vi har ein auke i søknader frå fylke der vi har deltatt på utdanningsmesser.

I 2017 var det særskilt fokus på rekruttering til GLU, noko som er nødvendig også framover. Blant anna inviterte vi alle studentane ved HVO til å utvikle eit konsept for promotering av lærarutdanningane (gluvolda.no). Rekrutteringa til GLU hadde ein nasjonal nedgang. Ved HVO var søknaden på GLU 1-7 om lag som i fjor, medan vi hadde ein gledeleg oppgang på om lag 20 prosent på 5-10. Ved frammøte hadde situasjonen endra seg noko, slik at resultatet vart ein oppgang på GLU 1-7 og litt nedgang på GLU 5-10. Av 8 som deltok på forkurs i matte, fekk 4 karakteren 4 eller betre. Vi er rimeleg nøgd med opptaket, men det er behov for fleire søkerar for å nå måltala for kandidatproduksjon.

Vår nye engelskspråklege master «Master of Media Practices» hadde eit svært godt førsteopptak, trass i at NOKUT-godkjenninga kom seint og det blei lite tid til marknadsføring. Her er 10 nasjonar representert, noko som viser at Volda får internasjonal merksemd. Generelt har søkerar til mediefag hatt ein nasjonal nedgang. Denne fekk også Volda merke, bortsett frå søkerar til journalistikk og animasjon som held seg godt trass i ein endra arbeidsmarknad.

Rekruttering til velferdsstatens yrke som lærar og helse- og sosialfaga hadde ein fin oppgang i 2017. Til bachelorutdanningane i sosialt arbeid måtte mange stå på venteliste og karaktersnittet auka.

Dei estetiske faga ved HVO hadde ein nedgang i tal søkerar. Det vart gjennomført fleire tiltak retta mot desse utdanningane, men vi ser endå større behov for personlege møte og synleggjering i sosiale medium.

Idrett og friluftsliv er utdanningane ved HVO som hadde størst oppgang i 2017 med ein auke på 49 prosent. Noko av forklaringa kan vere at HVO dei siste åra har nytta Sunnmørsalpane og området rundt i marknadsføringa. I tillegg ser vi at stadig fleire studentar får relevante jobbar rundt om i heile landet. Studia har også auka søking frå nabolanda, særleg frå Danmark.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming

### Styringsparametrar

- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Kvalitativ: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbytte som er definert for studieprogramma

### Vurdering av resultat og måloppnåing Studiekvalitet

Alle avdelingane jobbar systematisk med studiekvalitet, og nyttar Studiebarometeret som eit verktøy i dette arbeidet. Akkrediteringsprosessen på GLU og eksterne evalueringar har vore viktige verktøy i kvalitetsarbeidet på AHL og ASH. Studiekvalitetsrapporten for studieåret 2016-2017 syner at avdelingane oppfatar studiekvaliteten som jamt over god, og at studentane er jamt over nøgde med studia.

Trass i eit systematisk kvalitetsarbeid og gode resultat i våre egne evalueringar av studiekvaliteten 2016-2017, fekk Høgskulen i Volda dårlege resultat på Studiebarometeret hausten 2017. Høgskulen har gått ned frå ei generell tilfredshet på 4,1 i 2016 til 3,7 i 2017, noko vi ikkje er nøgd med. Leiinga har sett i gang ei kartlegging i samarbeid med fagmiljøa og studentane for å avdekke kva som er årsaka til fallet i tilfredsheit. Vi ser at det særleg er ved dei store faga at studentane er mindre nøgde.



Medverknad og kommunikasjon frå faglege og administrasjon er eit område der studentane ikkje er nøgde, og som dei sjølv peikar på som ei viktig årsak til låg skåre på generell tilfredshet. Dette har vi skåra lågt på over fleire år, og i 2018 vil studentmedverknad bli eit prioritert område for høgskulen. Tillitsvaldapparatet og fagkritisk arbeid må prioriterast for å betre dette.

Analyse av resultatane frå Studiebarometeret syner at ei viktig del-forklaring på nedgangen frå 2016 til 2017 er at då Studiebarometeret vart gjennomført, var heile høgskulen prega av to store digitale endringar: Alle studentar måtte skifte frå Fronter til Canvas, og høgskulen lanserte nye nettsider. Både Canvas og dei nye nettsidene er velkomne og nødvendige oppgraderingar, men for den einskilde student har det nok også vore frustrerande med så mykje nytt på ein gong. Høgskulen har sett i verk tiltak for å få på plass manglande funksjonalitet i Canvas og syte for opplæring av alle tilsette slik at opplevinga for studentane blir den same på tvers av emne.

Andre funn frå analysen viser at studentane ikkje er nøgde med undervisningslokala. Det har vore nokre innkøyringsproblem på nyrenoverte Kaarstad, og studentane melder om dårlege forhold både ved Ivar Aasen-huset og Strøm-huset. Nytt mediebygg og oppgradering av Strøm-huset med nytt ventilasjonsanlegg og nye undervisningslokale vil bøte på dette, men dette er først på plass om 3-4 år.

Ei siste forklaring på overordna nivå kan vere at vi i 2017 tok inn rekordmange studentar og for første gong passerte 4 000 studentar. Det er veldig kjekt at så mange ønskjer å studere ved Høgskulen i Volda, men vi ser at kapasiteten er sprengd på enkelte studium og generelt i lokala våre. HVO har fleire studentar per fagleg tilsett enn snittet for statlege høgskular, og i 2018 er det eit mål å redusere dette talet for å betre oppfølginga av den einskilde student og sikre tid til FoU og oppdragsverksemd for dei fagleg tilsette.

Sjølv om den gjennomsnittlege tilfredsheita for studentane ved Høgskulen i Volda har gått ned, er det fleire studium som utmerkar seg positivt. Særleg er det gode resultat ved Avdeling for kulturfag, og også medieprogramma i animasjon og journalistikk har høg tilfredshet. Radio- og TV-journalistikk får høgast skår av journalistikk-programma i heile landet.

Fagleg tidsbruk per veke blant heiltdsstudentar har auka frå 29,1 timar til 30,3 timar, men høgskulen ligg framleis bak landsgjennomsnittet på 34,9 timar. Målet er å auke denne ytterlegare, og i 2018 er målet sett til 35 timar per veke.

### Vurdering av resultat og måloppnåing gjennomstrøyming

HVO hadde ein nedgang i fullføring på normert tid på bachelorgradar frå 65 prosent i 2016 til 55 prosent i 2017. Gjennomsnittet i sektoren er 47 prosent. På profesjonsutdanningar som til dømes sosionom, barnevernspedagog, journalist, barnehagelærar med fleire, er det

god og til dels særleg god fullføring på normert tid. Fleire av bachelorgradane som no har dårleg fullføring, er gradar med studieløp med mykje valfridom. Nokre av desse har alt utvikla ny programdesign som skal gi betre oppfølging av og kontinuitet for studentar på studiet. På eit par bachelorgradar har det vore mange som har slutta, fleire permisjonar og fleire stryk på dei avsluttande eksamenar. Vi reknar med at fleirtalet av desse studentane vil fullføre studiet sitt, men ikkje på normert tid.

HVO hadde ein nedgang i fullføring på normert tid på master frå 17 prosent til 15 prosent. Alle masterprogram på høgskulen blir gitt som heil- og deltidstudium. Jamt over er det flest studentar på deltid. Mange kjem i mål, men det å gjennomføre eit masterstudium ved sidan av jobb og familie er krevjande. Mange som arbeider mellom anna innan mediefag, helse og sosialfag og planlegging, både i offentleg og privat sektor, ser behovet for å sikre seg formell kompetanse etter nokre år i arbeidslivet. Fleire av studentane våre er arbeidstakarar som på eiga fritid og eige initiativ aukar kompetansen gjennom det høgare utdanningssystemet. Å møte dette behovet er eit viktig oppdrag for HVO. Gjennomstrøyminga vil dermed vere lågare for mastergradstudentar enn på lågare nivå.

Ei anna årsak til lav gjennomstrøyming er at nokre masterstudie ikkje siler studentane ved opptak, men set karakterkrav for å kunne ta avsluttande emne i metode og masteroppgåve.

HVO har laga ein handlingsplan for å auke gjennomstrøyminga på mastergradene og for å sørge for at fleire fullfører uansett om dei er forseinka. Det inneber betre informasjon om krava i mastergraden, tettare oppfølging av studentar mellom samlingane, oppfølging av dei som ikkje møter til undervisning, utdannings- og statusamtalar og eigne kontraktar for rettleiing på masteroppgåve. Vi har alt sett betre resultat på master i samfunnsplanlegging og leiing, der dei har gjennomført desse tiltaka i eit par år og der det no er fleire som har fått graden, sjølv om desse ikkje har fullført på normert tid.

**Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging**

### Styringsparametrar

- Tal nasjonale publiseringspoeng per fagtilsett (Tal for 2017 ikkje tilgjengelig)
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Dei samla tala på publiseringspoeng har vore litt varierende dei siste tre åra. Vi hadde frykta nedgang i publiseringspoeng i takt med at etablerte forskarar pensjonerer seg, samstundes som vi har hatt liten prosjekttilgang dei siste åra og har vore gjennom ein krevande akkrediteringsprosess av grunnskulelærarutdanningane. Fram til og med 2016 har publiseringnivået vorte oppretthalde. Dei tilsette registrerer også formidling som til dømes lærebøker, mediebidrag,

kunstnarlege bidrag etter eit vel innarbeidd internt poengsystem. Her har det samla omfanget vore nokså stabilt.

Dei eksterne forskingsinntektene frå Forskringsrådet eller internasjonale kjelder har ikkje auka vesentleg. Dei viktigaste grepa som har vorte gjort er å styre interne ressursar inn mot forskingsgrupper og å stille som krav at midlane skal ha eit såkornpotensiale. Auke i tal søknader til Noregs forskingsråd i 2017 kjem truleg av dette. Vi nådde ikkje målet på styringsparameteret Verdien av Horisont 2020-kontraktar. HVO var i 2016-17 med som partner på to søknader til Horisont 2020. Ingen av dei fekk tilslag.

Forskringsadministrasjonen vert i 2018 lagt om ved at den blir skilt ut frå Kontor for samfunnskontakt og blir lagt under ein forskingssjef som har mobilisering av forskingsprosjekt som ei av sine viktigaste oppgåver.

Fleire professor II-arar er tilsette i løpet av det siste året, og arbeidet med å stimulere og auke talet på forskingsgrupper har halde fram. I budsjettet for 2017 vart det sett av 150 000 kr til å styrkje forskingsgrupper. Det har i løpet av året blitt danna fleire nye forskingsgrupper, fleire av dei er store og på felt som er strategisk viktige for HVO. Ein kan nemne forskingsgrupper knytt til ph.d.-programmet, Forskringsgruppe for nynorsk skriftkultur og for samfunnsfagdidaktikk. Dei to sistnemnde er eit samarbeid med Universitetet i Bergen.

Ein annan indikator for FoU-aktivitet er andel førstekompetente. Her har Høgskulen i Volda sett ein auke dei siste åra og har no kome opp i 53 prosent.

Framtidsutsiktene for FoU ved Høgskulen i Volda er ikkje dårlege. Så langt har rekruttering og utvikling av nye første- og toppkompetente meir enn kompensert for avgang frå etablerte forskarar og dette er den grunnleggande føresetnaden for vidare vekst og utvikling av kompetansemiljøet. Eksterne forskingsinntekter bør auke i framtida når forskingsgruppene og ph.d.-programmet har fått verke og utvikle seg. Om tiltaka vi har satt i verk ikkje viser seg å få effekt, må høgskulen vurdere å ta i bruk andre virkemiddel.

**Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal syte for god gjennomføring av forskarutdanninga**

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen etablerte eit ph.d program i helse- og sosialfag som fellesgrad med Høgskulen i Molde i 2015. Målet var å ha 20 stipendiatar i 2020, og alt i 2017 hadde vi nådd 19 stipendiatar. Vi har også ph.d.-studentar frå andre institusjonar enn HVO og HiMolde.

HVO har etablert eit avhandlingsforum som fungerer godt med fleire seminar og andre rettleiingstiltak for stipendiatane. I tillegg

er det oppretta tre forskingsgrupper som er knytte til ph.d.-programmet. Her er stipendiatane tett integrerte og representerer ei av hovudmålgruppene. Vi held fram med støtteordningane for opphald utanlands, og stipendiatane har vorte orienterte om dei. Fleire stipendiatar har nytta seg av desse i løpet av det siste året.

**Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane**

### Styringsparametrar

- Del utreisande utvekslingstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar
- Tal utvekslingstudentar – inn og utreisande
- Tal engelskspråklege studietilbod
- Kvalitative: Alle studentar skal kunne få ein internasjonal komponent i utdanninga og velje mellom relevante tilbod for praksis- og studieopphald i utlandet

### Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO hadde ein auke i delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av samla tal studentar og ligg like under det nasjonale snittet. Dette er vi nøgd med, sjølv om vi ikkje nådde ambisjonen vår om like mange utreisande som vi hadde i 2015. Meir enn halvparten av dei utreisande studentane reiser nå på bilaterale avtalar utanom Erasmus +, og høgskulen hadde i 2017 ein auke i inn- og utreisande utvekslingsstudentar på 10 prosent. Auken i innreisande studentar kjem først og fremst av at HVO har fått sitt første engelskspråklege gradsprogram, Master in Media Practices.

Alle studieprogram ved HVO skal ha internasjonalisering som ein naturleg del av studiet, og det vert jobba med å knytte internasjonaliseringsarbeidet tettare opp mot kvalitetsarbeidet og godkjenning av studieplanar. Avdelingane kan søkje om midlar til oppretting av nye engelskspråklege emne. Vi har no 46 engelskspråklege emne, ein auke frå 37 i 2016. Engelske emne skal vere aktuelle for både lokale og internasjonale studentar, og tanken er at den uformelle kontakta mellom norske og utanlandske studentar vil gje auka studiekvalitet for begge partar.

HVO har eit tett samarbeid med partneruniversitet i utlandet. Vi har gått vekk frå ideen om at vi skal ha nokre utvalde strategiske partneruniversitet. I staden vil vi redusere avtaleporteføljen til ca. 100 universitet og berre fortsette partnerskap av god nok kvalitet.

Arbeidet med å mobilisere og støtte søknader på internasjonale program har halde fram. HVO er saman med andre institusjonar blitt medlem av EU-nettverket Horisont 2020 NORDVEST. Internasjonalt kontor søkte i 2017 om fleire midlar enn tidlegare, noko som resulterte i ein auke i tildelingar på 29 prosent. Blant anna fekk vi tildelt midlar gjennom SIU-programmet Noted for å auke internasjonaliseringa i lærarutdanningane. Det er fortsatt eit stort potensial for å auke tal søknader.

Tabell til sektormål 1		2015	2016	2017	Ambisjon 2017
Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	62 %	65 %	55 %	68 %
Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	11 %	17 %	15 %	40 %
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	KD	4,1	4,1	3,7	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	29	29	30	33
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,6	0,5	-	0,6
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	-	-	-	15
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	1,5 %	0,9 %	0,9 %	1,5 %
Tal primærstøkkarar i samordna opptak	HVO	1 200	1 169	1 263	1 300
Tal primærstøkkarar per studieplass	HVO	1,3	1,6	1,7	1,6
Tal nye studentar på GLU	HVO	87	70	79	100
Tal utvekslingsstudentar - inn og utreisande	HVO	225	227	249	240
Tal engelskspråklege studietilbod	HVO		37	46	

## Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

### Nasjonale styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk
- Del masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Tal for 2017 ikkje tilgjengelig)

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen har ikkje nådd ønska vekst i BOA-verksemda i 2017. BOA-inntektene for 2017 var på 23,8 mill. kroner, dette er ein nedgang på 3 prosent frå 2016. Vi har ein nedgang i bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk, og ein liten auke i andre BOA-inntekter.

AHL står for 60 prosent av BOA-inntektene ved høgskulen, og deira nedgang har derfor mykje å seie for høgskulens samla resultat. Ei medverkande årsak til nedgangen er at fleire store prosjekt er avslutta. Samtidig har omlegging og implementering av grunn-

skulelærerutdanninga tatt mykje tid, slik at ein har hatt mindre kapasitet til å skaffe tilsvarende nye prosjekt i 2017. AHL tilsette ein prodekan for forskning frå hausten 2017, noko som har resultert i at fleire store søknader er sendt. Hittil har ein fått tilslag på prosjekt som vil gje inntekter på 7 millionar i 2018, og avdelinga har fleire søknader inne der ein ventar på svar.

Ved Avdeling for Samfunnsfag og Historie (ASH) har det vore ein liten nedgang i BOA-inntektene i 2017. Dette skuldast truleg kapasitetsutfordringar hos fagtilsette sidan avdelinga tok opp rekordmange studentar i studieåret 2016-17, samtidig med at avdelinga hadde fleire ledige fagstillingar ved dei tre institutta. Avdelinga har redusert inntaket av studentar i studieåret 2017-18 for å auke kapasiteten til FoU og oppdragsverksemd. ASH har dei seinare åra satsa spesielt på å bygge relasjonar og etablere tettare samarbeid og kontakt med arbeidslivet i fylket. Denne satsinga er tidkrevjande, men avdelinga meiner etter kvart å sjå gevinstar mellom anna i form av kortsiktige samarbeidstiltak, fleire mindre og nokre større bidrag- og oppdragspro-



sjekt i offentlig og privat sektor. Sjølv om slik aktivitet vil variere noko frå år til år, trur vi at den langsiktige satsinga vil føre til ein auke i BOA-aktivitet dei komande åra.

Analysar viser at høgskulen har ei generell utfordring ved at både BOA-aktivitet og FoU-aktivitet er konsentrert om nokre få av dei fagleg tilsette, medan andre bruker all tida si på undervisning. I 2017 vart det sett ned eit utval for å sjå på korleis ein kan auke eksternt finansiert forskning ved HVO. Utvalet rådde at ein etablerer og vidareutviklar ordningar som gir fagleg støtte til dei som treng hjelp for å kome i gang med eksternt finansiert FoU-prosjekt. Gjennom forskingsgrupper vil høgskulen syte for at dei mindre erfarne kan få støtte og rettleiing i prosjektarbeid, og det blei oppretta fleire forskingsgrupper ved høgskulen i 2017. To av avdelingane har tilsett prodekan for forskning, og høgskulen har lyst ut ei stilling som forskningssjef for å styrke FoU-administrasjonen med særleg vekt på mobilisering og prosjektstøtte til alle avdelingar.

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har eit utstrakt samarbeid med regionale partnarar. Særleg er vi nøgd med det tette samarbeidet vi har med det offentlege, eit naturleg resultat av at studieportefølja vår er tungt vekt mot velferdsstatens yrke. Eit eksempel er pilotprosjektet om vidareutdanning av alle lærarar i Ulstein kommune i digital kompetanse som nå skal utvidast til Volda kommune. Prosjektet er også forløparen til prosjektet DigiGLU som i 2017 vart tildelt 13,6 mill. kr. frå Norgesuniversitetet.

Vi ønskjer å styrke samarbeidet med det regionale næringslivet, og HVO er tungt involvert i forprosjektet for å utvikle ein ny kunnskaps-park på campus i samarbeid med fylket si næringsavdeling og den allereie etablerte Sunnmøre Kulturmæringshage.

Rektoratet har frå ein starta inneverande periode hatt som mål at høgskulen skal bli meir synleg for omverda. Statistikk frå medieklipp viser at omtalen av HVO har gått markant opp dei siste åra. Det har vore arbeid for å etablere Helsekuben Møre og Romsdal,

som var tenkt som eit partnerskap for fremjing av kunnskapsbasert utvikling i helse- og omsorgstenestene. Det har vist seg å vere vanskeleg å få dette til for fylket samla, men ein vonar at det kan vere mogleg å få til noko på dette feltet på Sunnmøre.

Elles har høgskulen inngått fleire samarbeidsavtalar innan helseområdet, blant anna samarbeidsavtale om FoU og stipendiatstilling med Muritunet finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, samt samarbeid med kommunar, frisklivssentralar og helseføretak innanfor feltet helsefremjande arbeid gjennom seksjon for idrett- og friluftsliv.

Vidareutviklinga av Seanse – senter for kunstproduksjon skjer i tett dialog med Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke, Kulturtanken og Norsk kulturråd, og senteret har for 2018 fått ein nær dobling i støtta frå kulturrådet.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultat frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentlig debatt

### Styringsparameter

- Tal interne FoU-poeng (tal for 2017 ikkje tilgjengeleg)

### Vurdering av resultat og måloppnåing

For å styrke formidlinga ved høgskulen har HVO ei ordning med premiering av intern FoU-produksjon. I 2017 blei det løyvd 4,8 mill. kr til føremålet, og produksjonen av interne FoU-poeng har lege på eit jamt nivå dei siste åra.

Fleire nasjonale konferansar er arrangerte i samarbeid med andre aktørar. Ei rekke formidlingstiltak blei gjennomførde i regi av Forskningsdagane. Her blei det lagt vekt på å samarbeide med regionale og lokale aktørar. Fleire av arrangementa fekk støtte og blei profilerte av Norges Forskningsråd.

Det er etablert eit godt samarbeid med Sjustjerna helse- og omsorg der kommunane på Søre Sunnmøre er med.

Tabell til sektormål 2		2015	2016	2017	Ambisjon 2017
Bidraginntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	KD	12	13	11	20
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	74	98	99	120
Del masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	94 %	-	-	
Tal interne FoU-poeng	HVO	6 353	6 927	-	7 000

## Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

### Nasjonale styringsparametrar

- Kandidattal på helse- og lærarutdanningane

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen uteksaminerte 213 kandidatar på lærarutdanningane i 2017, noko som er 14 meir enn måлтаlet. Dette er vi nøgd med. Vi har ein oppgang både på GLU 1-7, GLU 5-10, BLU og PPU samanlikna med 2016, og ligg godt over måлтаlet på alle utdanningane unntatt GLU 1-7. Manglande rekruttering til GLU1-7 er eit nasjonalt trekk som også rammar HVO, noko som betyr at vi ikkje klarer å fylle måлтаlet på denne utdanninga.

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

### Styringsparametrar

- Tal eksternt finansierte studentar
- Tal studentar nett- og desentralisert undervisning

### Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO har nådd begge måla med god margin, noko vi er godt nøgde med. Høgskulen har som ambisjon framleis å vere blant dei beste på fleksible nettstøtta studietilbod. For å auke kvaliteten på nettstudia har høgskulen i 2017 investert i nytt studio for produksjon av undervisningsvideoar til bruk for alle tilsette, og styrka den pedagogiske

kompetansen gjennom utvikling av kurs i høgskulepedagogikk om digital didaktikk knytt til ulike fag. Dei nettbaserte studia blir evaluert etter egne rutinar.

Høgskulen si største satsing på etter- og vidareutdanning er innanfor offentleg sektor. Vi vil vere aktive med slike tilbod på alle område der vi har grunnutdanningar: skule, barnehage, helse- og sosial. Døme på samarbeid med regionale og nasjonale aktørar er:

- Kompetanse for kvalitet – hausten 2017 starta vi sju tilbod i denne ordninga innanfor faga norsk, engelsk og matematikk
- I 2017 starta vi to nye studium i vidareutdanning for barnehagelærarar: Rettleiarutdanning for praksislærarar i barnehagen og Naturfag og matematikk i barnehagen
- Omfattande deltaking i ulike nasjonale satsingar for å kompetanseheve barnehage og skule (Ungdomstrinn i utvikling, Real FAGSKOMMUNAR, Kompetanse for mangfald, Vurdering for læring)
- Samarbeid med Nasjonalt senter for IKT i utdanninga, IKT Norge og bransjen i samband med utviklinga av koding i skulen
- Samarbeid med Ulstein og Volda kommunar om digital kompetanse for lærarar
- Operative samarbeidsavtalar både med Helse Møre og Romsdal og Sjustjerna helse og omsorg
- Leiarkurs for mellomleiarar i Hareid kommune, eit tiltak som er tenkt som ein pilot for liknande kurs for andre kommunar

Tabell til sektormål 3		2015	2016	2017	Ambisjon 2017
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	202	215	213	191
Kandidattal GLU 5-10	KD	31	20	38	29
Kandidattal GLU 1-7	KD	21	20	25	43
Kandidattal BLU	KD	75	104	62	59
Kandidattal PPU	KD	75	60	77	60
Kandidattal faglærarutdanning	KD		11	11	
Tal eksternt finansierte studentar	HVO	260	315	430	350
Tal studentar nett- og desentralisert undervisning	HVO	914	1 019	1 286	1 100

## Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsystem

### Nasjonale styringsparametrar

- Tal studiepoeng per fagleg årsverk
- Del kvinner i dosent- og professorstillingar
- Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

Verksamdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane

### Styringsparametrar

- Tal studiepoeng per fagleg årsverk
- Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader per publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk har gått litt ned. Dette har vore ein styrt nedgang, då vi såg at vi på nokre studie hadde for mange studentar til å sikre ei god oppfølging av den enkelte.

Høgskulen har nådd ambisjonane for driftskostnader og tilhøvet mellom fagleg og administrativt tilsette for 2017. Vi har oppretthalde effektiv drift, og arbeider målretta med kostnadsreducerande tiltak. Både felles- og avdelingsadministrasjonane arbeider godt med å optimalisere arbeidsflyten og å ta i bruk digitale løysingar. Det er sett i verk fleire digitaliseringstiltak i 2017. Sjå del IV for fleire detaljar.

- Tatt i bruk modulane «eMeetings» og «OpenGov» i sak/arkivsystemet
- Innført sikker digital post både for inngåande og utgåande post frå HVO
- Tatt i bruk løysinga «Sjølvetening for mottakar av honorar og reiseoppgjør»
- Tilrettelagt for digital signatur i dei viktigaste systema og i alle ledd, og vi ventar no på dei tekniske løysingane for å starte
- Innført digital eksamen for alle skriftlege skuleeksamenar og oppgåveinnleveringar. Arbeider med teknisk løysing for heil-digitalisering av karaktersetting, grunngevingar og klagesaker i det digitale eksamenssystemet
- Innført nytt LMS hausten 2017

Døme på kostnadsreducerande tiltak er:

- Studieadministrasjonen har slutta å krevje obligatoriske eigenmeldingar for kvar eksamensdel. Dette har ført til ledig kapasitet som igjen førte til at ei 50 prosent stilling der personen gjekk av med pensjon ikkje blei vidareført
- Høgskulen har sagt opp ein leigeavtale for eitt bygg, noko som har redusert husleiga med 400.000
- Biblioteket har gått over frå trykte til digitale utgåver av fleire tidsskrift og aviser

Prognosane seier at høgskulen dei neste fem åra må redusere den administrative bemanninga med om lag 5 prosent i tråd med regjeringas forventningar til effektivisering- og avbyråkratisering. Den samla effekten av digitalisering og kostnadsreducerande tiltaka skal ikkje gjere tenesteytinga ringare. Reduksjonen i bemanning vil vi ta ved naturleg avgang.

Verksamdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

### Styringsparametrar

- Del kvinner i dosent- og professorstillingar
- Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

### Vurdering av resultat og måloppnåing

I handlingsplan for likestilling og mangfald er eitt av måla at andelen kvinner i toppstillingar skal vere 20 prosent innan 2020. Det målet er nådd i 2017, då hadde vi kvinner i 24 prosent av toppstillingane våre. Det er sjølv sagt eit mål å auke denne andelen ytterligare, så tiltaka med kvinnelige prosjektleiarar i forskingsgrupper, tildeling av stimuleringsmidlar og bruk av kalling der det er særleg svak representasjon av det eine kjønn, vil halde fram. Det er ikkje berre tal kvinner i toppstillingar som aukar, det er like gledeleg at andelen kvinner med førstekompetanse har auka med 9 prosent i 2017.

HVO har ein reduksjon i del midlertidig tilsette, og ligg godt under snittet for dei statlege institusjonane. Dette er vi godt nøgde med. Når vi har tilsette i midlertidige stillingar er det på grunn av at tilsette er i permisjonar for å heve kompetansen (vikarstipend) og omdisponering av undervisnings- og forskingskrefter grunna eksterne prosjektmidlar. I tillegg bidreg rettighetsbaserte permisjonar knytt til svangerskap og sjukdom til fleire midlertidig tilsette. Ved utlysingar har vi opna for faste tilsetjingar der det er forsvarleg ut frå budsjett og personalsituasjonen elles. Langtidsbudsjett har bidrege til å betre planlegginga.

Tiltak for rekruttering og utvikling av toppkompetanse ved HVO er handsama i eiga styresak, og det vert arbeidd systematisk med dette. Avdelingane har planar for korleis ein skal erstatte den enkelte sin kompetanse når tilsette går av med pensjon.

For å utvikle første- og toppkompetanse hos eigne tilsette vert det tildelt vikarstipend og professor- og dosentstipend, tilbod om kompetanseheving i høgskulepedagogikk og strategisk rekruttering av stipendiatar. I tillegg er det auka fokus på individuelle målsetjingar i høve kompetanseheving og sterkare styring ved tildeling av ekstra ressursar.



Ein har òg hatt som målsetjing å sikre at alle tilsette med formulerte ambisjonar om fagleg opprykk har mulegheit for deltaking i forskargruppe, og vi har fokus på styrking og deling av kompetanse på søknadsskriving til eksterne FoU-prosjekt.

Desse tiltaka har i stor grad vorte gjennomførte, og resultatet er eit stadig aukande tal førstestillingar. Det er mogeleg å legge enno betre til rette for kompetanseutvikling, og ei vurdering av førstelektorløype vil vere eit av tiltaka. Det er aktuelt å sjå dette i samanheng med meriteringsordning for kvalitet i undervisinga.

Det er verdt å merke seg at det er stor variasjon mellom fagområda i kva grad ein må tenke ekstra tiltak for å sikre rekruttering og utvikling, avhengig av den nasjonale marknadssituasjonen.

Sjuefråveret har gått litt opp og ligg over mål. Høgskulen har systematisk oppfølging av arbeidsrelatert sjuefråvær og arbeider med førebyggjande tiltak i samråd med bedriftshelsetenesta.

Verksamdomål 4.3: Høgskulen i Volda skal gjennom organisasjonskultur og planverk ha god kompetanse som stettar krav til samfunnssikkerheit og beredskap

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen har eit grundig planverk som blir oppdatert minimum kvart år og gjennomfører jamlege øvingar. Det vert arbeidd syste-

matisk med risikovurderingar på alle relevante område. Sjå også orientering om samfunnssikkerheit og beredskap i del IV.

#### Rapportering på ekstra løyvingar

Midlar tildelt over kap. 260 post 50 - Nye krav i GLU

Tildelinga kom i slutten av april 2017 og ved årsslutt 2017 hadde vi brukt ca kr 180.000 av dei tildelte midlane på kr 1.500.000. Desse midlane har i hovudsak vore nytta til seminar for dei nye grunnskulelærerutdanningane og innføring av MOSO, som er eit prosjekt knytt til praksis for studentane i GLU. Vi planlegg å tilsetje ein prosjektmedarbeidar i samband med implementeringa. I tillegg har vi tilsett professor II på alle institutta våre knytt til lærerutdanningane, noko som vil føre til auka bruka av midlane i 2018.

Midlar tildelt over kap. 281 post 01 - Partnerskapsskular

Tildelinga kom i juli 2017 og vi har nytta ca kr 100.000 av dei tildelte midlane på kr 1.563.000. Vi har nytta midlane til studietur til Tromsø der vi også hadde med oss rektor og lærar frå ein av praksisskulane våre. Vi har frå 1.1.18 ein tilsett som skal jobbe berre med utviklinga av partnerskapsskular. I 2018 planlegg vi seminar, frikjøp av tilsette i praksisskulane osv. Planen er å få i gang minst ein pilotskule frå hausten 2018.

Midlar tildelt over kap. 281 post 01 og kap. 226 post 22 – DigiGLU

Tildelingane kom i november og desember 2017, men prosjektet har ikkje start før 1.1.2018, jamfør prosjektsøknaden.

Tabell til sektormål 4:		2015	2016	2017	Ambisjon 2017
Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	749	700	696	750
Del kvinner i dosent og professorstillingar	KD	15 %	19 %	24 %	21 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	11 %	13 %	12 %	10 %
Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	HVO	133	141	142	142
Driftskostnader per publikasjonspoeng (1.000 kr)	HVO	3 027	3 461	-	3 300
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	HVO	2,2	2,3	2,3	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	HVO	50 %	52 %	53 %	55 %
Del kvinner med førstekompetanse	HVO	39 %	39 %	48 %	45 %
Gjennomsnittleg sjuefråvær	HVO	4,9 %	4,4 %	4,7 %	4,0 %





## Del IV: Styring og kontroll i verksemda

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som sitt grunnleggjande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurdert i samband med styring og kontroll i verksemda:

- om fastsette mål og resultatkrav vert nådd
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekt og handtert
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det vert gjennomført internkontroll og oppfølging av eventuelle avvik. Verksemda oppfyller krav som går fram av «Reglement for økonomistyring i staten», §4 og §14. Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen siste åra.

I samband med nye krav til internrevisjon i staten, som kom i 2015, vart det vedtatt i styret i Sak 30/16 at Høgskulen i Volda førebels ikkje skal etablere ein internrevisjon, men heller bruke ressursar på å få eit høgare kvalitetsnivå på internkontrollsystemet. Internkontrollarbeidet er også eit ledd i å sikre gjennomføring av den administrative forvaltninga med god kvalitet og lågare risiko. Høgskulen si vurdering er at ein har kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet.

Høgskulen har god kontroll og styring med verksemda, men det er ønskeleg med klarare og lettare tilgjengelig oversikt over rutinar og regelverk for alle tilsette og studentar. Arbeidet med handbøker har vore prioritert i 2017, og vert sett i samanheng med innføring av ny vev hausten 2017. Dette arbeidet vil fortsette i 2018.

### Effektivisering

Modulane «eMeetings» og «OpenGov» er tatt i bruk i sak/arkivsystemet. Desse gjer sakshandsaming, utvalsaktivitet og offentlegjering av vedtak digitalt tilgjengeleg, og effektiviserer sakshand-

saminga, reduserer utskriftsbehovet og aukar openheita i forvaltninga i tråd med meiroffentlegheitsprinsippet.

Digital post og e-signering/digital signatur er eit satsingsområde for Høgskulen i Volda. Det er innført sikker digital post (SDP) som løysing både for mottak og utsending frå HVO. HVO var første statlege høgskule som tok i bruk mottak av SDP, og fekk mellom anna 25 prosent av alle politiattestar elektronisk hausten 2017. Det er brukt ressursar på å legge til rette for digital signatur i dei viktigaste systema og i alle ledd, og vi ventar no på dei tekniske løysingane for å starte.

Hausten 2017 tok HVO i bruk løysinga «Sjølvetjening for mottakar av honorar og reiseoppgjær» i deler av organisasjonen. Løysinga er ein del av DFØ sitt tenestetilbod. Ved utgangen av januar syner ein gjennomgang at over 30 prosent av honorarkrava vert handsama heildigitalt, og det er eit håp at utrullinga skal gi gevinstar både knytt til ressursbruk og kvalitetssikring. Utrullinga vil halde fram til resten av HVO i 2018.

Digital eksamen er innført for stort sett alle skriftlege skuleeksamenar og oppgåveinnleveringar. Førebels har det ikkje vore store effektiviseringsgevinstar, men det har gitt ei kvalitetsforbetring av eksamenssituasjon for studentar og det er lettare å lese eksamensbesvarelsane for sensorar. Effektiviseringsgevinstar vil vi kunne hauste når alle karaktersettingar, grunnngjevingar og klagesaker er heildigitalisert i det nye eksamenssystemet, og det blir arbeid med tekniske løysingar for dette.

Innføring av den nye læringsplattformen Canvas hausten 2017 har vore krevjande for både studentar og tilsette. Det er imidlertid stor optimisme knytt til auka utnytting av modulane i Canvas. Ei eiga prosjektgruppe arbeider med opplæring og utvikling av nye muligheter.

I planleggings- og implementeringsfasen vil ikkje nye løysingar gi effektiviseringsgevinstar, men på kort sikt ser ein for seg at innsparringane i tid vil bli nytta til auka vekt på ytterligare digitalisering i tenesteytinga til studentar og tilsette. Blant anna vil HVO i 2018 digi-



talisere sjukefråværsoppfølginga. Prognosane seier at høgskulen dei neste fem åra må redusere den administrative bemanninga med om lag 5 prosent i tråd med regjeringas forventningar til effektivisering- og avbyråkratisering, og den samla effekten av digitaliseringstiltaka skal syte for at reduksjonen ikkje gjer tenesteytinga ringare. Reduksjonen i bemanning vil ein ta ved naturleg avgang.

### Tryggleik og beredskap

HMS-arbeidet ved høgskulen føregår i linja, men for å sikre ei heilskapleg tilnærming til metodebruk og fokus på prioriterte område har ei sentral sikkerhetsgruppe ansvar for koordinering av det systematiske HMS-arbeidet.

Det vert arbeidd systematisk med risikovurderingar på alle relevante område. Ved innføring av nye tenester eller endring i systembruk vert det gjennomført målretta risikoanalysar. Den årlege ROS-verkstad hadde fokus på konsekvensområda informasjonssikkerheit/digitalisering, fall i studentrekruttering og senior-situasjon. Det er utarbeidd og gjennomført tiltak på alle områda. ROS-analysane blir behandla i styret i 2018.

I samband med studiestart vert det årleg gjennomført eit samarbeidsseminar med politiet, og ei risikovurdering i samband med planlegging av Fadderveka.

Beredskapsøving vart gjennomført i november og øvinga vart evaluert av HMS-sentralsikkerhetsgruppe. Krise- og beredskapsplan vart revidert som følgje av øvinga og godkjent av høgskuledirektør i desember.

Dei styrande prinsippa for arbeidet med informasjonssikkerheit er i tråd med KMD sine anbefalingar (Handlingsplan for informasjonssikkerheit i statsforvaltninga 2015-2017).

Styringssystem for informasjonssikkerheit vart vedteke av høgskulestyret i desember 2015. Styringssystemet er tilpassa HVO og vi har vore bevisste på at det skal avspegle situasjonen på institusjonen. Det har òg vore eit klart mål at styringssystemet skal vere mest mogleg kortfatta og presist, men samstundes vere dekkande for arbeidet med informasjonstryggleik ved HVO. Vi har òg etablert Sikkerhetsgruppe- IT/drift, som består av høgskuledirektør, personaldirektør (CSO), leiar dokumentsenteret, drift-sjef og it-sjef.

HVO har lagt stor vekt på å sikre seg mot ekstraordinære hendingar. Vi har fått etablert to datarom med god redundans på lagring av data og datakraft. Vi har òg fått på plass strømaggregat som sikrar strømtilførsel til begge dataroma og anna viktig infrastruktur. Det er òg utarbeidd tiltakskort for handtering av uventa hendingar.

Vi har i 2017 oppretta eit eige IRT-team på HVO, som er knytt opp mot Uninett CERT. Alle medlemmane i IRT-teamet har delteke på Uninett

sitt kurs: «Digital hendelsehåndtering i kunnskapssektoren- dagskurs for oppstart av IRT på egen institusjon».

HVO har tatt i bruk dei fleste systema som ligg under nasjonale felleskomponentar. Ved innføring av digital postkasse vart det utført ein ROS-analyse knytt til bruken av denne tenesta. Alle desse tenestene er viktige for HVO, men ikkje kritiske for verksemda ved kortare driftsstans.

HVO har lagt stor vekt på å styrke den interne kunnskapen, kompetansen og kulturen innan informasjonstryggleik. Vi har dei siste åra gjennomført nasjonal sikkerhetsmånad i oktober i samarbeid med Uninett og NorSIS, og at vi har gjennomført kurs i informasjonstryggleik. Vi har òg lagt stor vekt på stadig å informere tilsette via e-post om ulike farar og truslar.

Leiingas gjennomgang (LG) visar at dei avvika/hendingane vi har hatt i 2017 er blitt handtert godt. Vidare viser LG at dei erfaringar vi har hatt med ulike hendingar i 2017, har ført til forbetring av rutinar for å hindre eller minimere skade. LG viser òg at den informasjonen som IT-kontoret har sendt ut i høve ulike hendingar, har bevisstgjort dei tilsette om informasjonstryggleik.

### Oppfølging av Panorama-strategien

HVO har ikkje kapasitet til å satse tungt på alle BRICS-land, så vi har valt ut India og Russland der vi allereie har nære partnerskap. Russlandssamarbeidet er knytt til mediefag/yringsfridom og har allereie resultert i eit rekordhøgt tal på russiske studentar ved HVO og sam- publisering mellom tilsette på HVO og russiske universitet.

Samarbeidet med India er knytt til både journalistikk og sosialfag. Her har vi slite meir med å få økonomisk tilskot til studentutveksling, men fleire norske studentar reiser til India gjennom sine studium for praksis/feltarbeid kvar haust. Eit besøk frå India i 2016 har ført til auka interesse for forskningssamarbeid med India, spesielt frå HVO sitt Institutt for sosialfag.

### Likestilling, mangfold, diskriminering og tilgjengelighet

Utval for likestilling og mangfald er det sentrale fellesorganet for arbeidet med integrering og inkluderande arbeidsliv. Dei ser til at tiltak vert satt i verk og følgt opp.

Fokuset på seksuell trakassering i samband med #metoo-kampanjen har bidrege til å auke bevisstheita kring dei interne instruksane og varslingsmogelegheitene, både for studentar og tilsette. Det har vore møte for alle studentar om temaet trakassering, samt eigne informasjonsmøte for internasjonale studentar og studentar på mediefag som skal i praksis.

Statusrapportering etter utgreiingsplikta følger UHR sin mal og er vedlegg til årsrapporten.

## Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Møre og Romsdal har vore blant fylka med færrest innbyggjarar med høgare utdanning. God tilgang på høgare utdanning i fylket er ein føresetnad for at dette skal bli betre. Hausten 2017 hadde Høgskulen i Volda for første gong fleire enn 4.000 studentar og sette med det ny studentrekord, noko som syner at vi er ein attraktiv høgskule i regionen. Det vil også i åra som kjem vere stort behov for kandidatar frå Høgskulen i Volda, både i Møre og Romsdal og landet elles. For ein region som opplever utflytting av unge kvinner, er det ei viktig motvekt at kvinner utgjør ca 2/3 av studentane ved Høgskulen i Volda.

### Kunnskap for framtida

Høgskulen sin visjon er kunnskap for framtida. Dette betyr at HVO skal bidra til kritisk og reflekterande læreprosessar som fremmar klokskap bygd på:

- Livslang læring
- Relevant forskning, omgrep og teoriar
- Kommunikative ferdigheiter med bruk av aktuelle medium
- Samskaping, kreativitet og likeverd

For å utvikle og bringe vidare kompetanse for framtidens arbeids- og samfunnsliv, vil høgskulen i Volda satse særskilt på digitalisering av lærarutdanningane, både gjennom vidareutdanning av lærarar og gjennom integrering av digital kompetanse i masterutdanningane våre.

Å legge til rette for livslang læring på alle fagområda våre er eit viktig samfunnsoppdrag for HVO. Vi vil framleis satse på fleksible studium gjennom å vidareutvikle nettstudia våre, etablere erfaringsbaserte mastergrader og legge til rette for ei praktisk studiekvardag uavhengig av livssituasjon.

For å kunne møte eit samfunn i stadig raskare omstilling må studentane våre tileigne seg «future skills» som evne til kompleks problemløysing, kreativitet, evne til samarbeid og kognitiv fleksibilitet. Høgskulen ønsker å gå gjennom fagplanane med sikte på å tydeleggjere korleis HVO kan ha eit klart framtidsperspektiv.

### Studentrekruttering

HVO har eit variert studietilbod som er attraktivt for studentar.

Framover må vi ha endå større vekt på studiekvalitet for å oppretthalde posisjonen vår i marknaden. Høgskulen er ikkje nøgd med resultatane på studiebarometeret i 2017 og ser dette som ein trussel for omdømme og vidare rekruttering. Det er viktig at studentane opplever at vi tek deira tilbakemelding på alvor. Det er difor sett i gang ei omfattande kartlegging saman med fagmiljøa og studentane for å avdekke kvifor studentane har gjeve høgskulen lågare skåre enn i fjor og kva tiltak som er nødvendig for å forbetre resultatane til neste år. Med konsolidering i sektoren må ein rekne med at større institusjonar vil nytte meir midlar på å kjøpe seg marknadsplass og synlegheit, og vi må derfor vidareutvikle rekrutteringsstrategien vår for å oppretthalde studentgrunnlaget.

Lærarutdanningane er grunnstammen til høgskulen og det er særleg avgjerande at vi klarer å rekruttere til GLU. Satsinga på digital kompetanse i lærarutdanninga er eit tiltak for å styrke vår posisjon som leverandør av ei attraktiv og oppdatert lærarutdanning. Høgskulen har også løyvd midlar til å utvikle ein pilot for framtidens undervisningsrom.

Nasjonalt er Høgskulen i Volda mest kjend for medieutdanningane. Samtidig er konkurransesituasjonen meir utfordrande med fleire sterke tilbydarar og ein pressa mediebransje generelt. Vi har framleis god rekruttering til journaliststudia våre og journaliststudentane er svært nøgde i studiebarometeret, men lokala er gamle. Å få godkjent eit nytt mediebygg som kurantprosjekt er avgjerande for å kunne oppretthalde ei framifrå medieutdanning som framleis tiltrekk seg dyktige studentar nasjonalt og internasjonalt. Regjeringsnotat skal fremmast hausten 2018.

Dersom det blir eit krav om master for å ta PPU også for dei praktisk-estetiske faga, vil dette true rekrutteringa til desse faga. Mange ønsker å bli lærarar ved å kombinere ein bachelor i kunstfag med PPU for å kunne undervise i deltidsstillingar i skuleverket og kulturskular. Vi er overtydd om at kulturfaga har ein sentral plass i framtidig omstilling i samfunnet ved at dei dyrkar «future skills» som kreativitet, innovasjon og entreprenørskap. HVO vil utforske korleis vi kan nytte kulturfaga for å møte framtidens behov for «future skills» og samtidig sikre attraktive studietilbod.

### Kompetanse

Rekruttering av fagfolk er eit anna område som kan påverke evna til å nå mål og resultat på sikt. Stillingar som ikkje er fylt, gjer undervisningsbelastninga for andre tilsette stor, noko som går utover oppfølging av studentar og forskingsverksemd. Tilstrekeleg toppkompetanse er nødvendig for å få reakkreditert grunnskulelærarutdanningane våre i 2019. Vi ser at vi innafor utvalte område har utfordringar med å rekruttere toppkompetente. Tiltak for å motverke rekrutteringsutfordringa er blant anna å byggje kompetanse internt, noko vi gjer gjennom eigenfinansierte stipendiatstillingar, professor- og dosentstipend og andre økonomiske støtteordningar. Også for praksisnære studium er rekruttering av fagfolk utfordrande, og vi må vere aktivt ute i både nasjonale og internasjonale miljø for å finne dei rette folka.

### Forsking og BOA

Regjeringa forventar at vi har eit tett samarbeid med arbeidslivet og aukar BOA-aktiviteten vår. Høgskulen er orientert mot offentleg sektor der betalingsevna for oppdrag ikkje er like stor. På dei fleste område manglar også høgskulen kapasitet og delvis erfaring for å nå opp i konkurransen om dei store forskingsmidlane. Samstundes har vi eit generasjonsskifte der fleire toppkompetente med stor fagleg produksjon vil slutte i åra som kjem. Dette gjer at vegen mot å tilfredsstille forventningane kan synes lang. I strategiplanen har høgskulen vedtatt å prioritere FoU-ressursar til tre strategisk viktige område: dei nye grunnskulelærarutdanningane, den nye masterutdanninga i mediefag og ph.d.-utdanninga. I tillegg skal det vere fokus på å få opp tal søknader til eksterne finansieringskjelder, slik at søknadskompetansen aukar. Tiltak som sårknmidlar, forskingsgrupper og meir prosjektstøtte frå ein styrka FoU-administrasjon skal bidra til dette. Vidare vil vektlegging av første- og toppkompetanse internt framleis vere sentralt.

### Økonomi

Høgskulen i Volda vil dei komande åra få mindre ressursar dersom vi ikkje klarer å auke dei eksterne inntektene. Vi har i utgangspunktet ei lav grunnløyving samanlikna med andre i sektoren. Vi har satsa på livslang læring som gjer dårlegare utteljing i finansieringssystemet. Kvalitetskrava gjer at kvalitetssikringa blir meir ressurskrevjande. Samtidig har HVO store investeringsbehov

i moderne utstyr og undervisningsrom, og vi har fleire utstyrs-krevjande fag. Samla sett gjer dette at det økonomiske handlingsrommet for høgskulen blir mindre og vi må prioritere hardt og effektivisere for å sikre at vi kan oppretthalde kvaliteten i undervisninga og forskinga vår. HVO har bestilt ei eksternt evaluering av studieportefølja for å få hjelp til å vurdere heilskapen med omsyn til fagleg og økonomisk berekraft, rekrutteringsgrunnlag, samfunnets behov og høgskulens profil.

### Unike fortrinn

HVO er ein liten høgskule med ein kompakt campus og legg vekt på verdien av nærleik mellom studentar, fagmiljø og leiinga. Dette meiner vi er eit av fortrinna ved å vere ein liten høgskule, og vi kan nytte styrken til å utvikle gode tverrfaglege tilbod som møter samfunnsbehova. Digital kompetanse i lærarutdanninga er et døme på eit vellukka tverrfagleg samarbeid ved høgskulen. Dersom vi ikkje klarer å vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet og ta ut gevinsten ved å vere små, vil det vere utfordrande å bli verande ein liten sjølvstendig høgskule. Høgskulen i Volda er ein profesjonsretta høgskule med fokus på å sikre kvalifisert arbeidskraft til velferdsstatens yrke i regionen. Vi meiner det er viktig å ta vare på denne rolla i eit UH-landskap der universitetsambisjonar blant samanslegne institusjonar kan gje auka akademisering på kostnad av profesjonsfaga.

### Planar for 2018

Høgskulen sine verksemdmål og planar for 2018 er basert på strategiplanen for perioden 2017-2020, med nokre tillegg der utviklinga det siste året tilseier det. Til kvart verksemdmål har vi definert kva delmål og tiltak vi vil fokusere på i 2018, og korleis vi vil måle resultatoppnåing. Her presenterer vi verksemdmål, delmål og styringsparameter for 2018. Fleire at delmåla gjeld for heile strategiperioden.



## Sektormål 1 - Høg kvalitet i utdanning og forskning

**Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming**

### Delmål:

- HVO skal styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma
- HVO skal styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette
- HVO skal styrke studiekvaliteten ved å forbetre studentinvolveringa og studieinformasjon
- HVO skal arbeide for å auke talet på faglege tilsette i forhold til talet på studentar
- HVO skal forbetre gjennomstrøyming på master
- HVO skal gjere digital kompetanse og formidling relevant for alle fagområde

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,1	4,1	3,7	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	29	29	30	35
Del bachelorkandidater gjennomført på normert tid	62 %	65 %	55 %	65 %
Del masterkandidater gjennomført på normert tid	11 %	17 %	15 %	25 %
Tal primær søkerar i samordna opptak	1 200	1 169	1 263	1 300
Tal kvalifiserte primær søkerar per studie plass*	1,1	1,4	1,4	1,5

\* Målemetode endra frå alle primær søkerar i 2017 til kun kvalifiserte primær søkerar i 2018

**Verksemdmål 1.2: HVO skal auke FOU-produksjonen**

### Delmål:

- HVO skal auke tal publiseringspoeng med 5 prosent
- HVO skal auke talet søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,6	0,5	-	0,6
Tal søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	-	-	-	10

**Verksemdmål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet****Delmål:**

- HVO skal vere blant dei beste på studentutveksling
- HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar	1,5 %	0,9 %	0,9 %	1,0 %
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk	-	-	-	15
Tal utvekslingsstudentar - inn og utreisande	225	227	249	250

## Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

**Verksemdmål 2.1: HVO skal ha ei studieportefølje som er relevant for framtidens samfunnsutfordringar****Delmål:**

- HVO skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar
- HVO skal satse på digitale læringsprosessar i skulen

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Del masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	94 %	-	-	95 %
Tal registrerte studentar på emna innafor digital kompetanse i lærarutdanninga (DigiGLU)			164	175

### Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping, med særskilt ansvar for eigen region

#### Delmål:

- HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene
- HVO skal samarbeide aktivt med arbeidslivet både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	12	13	11	20
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	74	98	99	120

### Verksemdmål 2.3: HVO skal delta aktivt i samfunnsdebatten

#### Delmål:

- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Tal interne FOU-poeng	6 353	6 927	-	8 000

## Sektormål 3 - God tilgang til utdanning

Overordna styringsparametrar	Resultat			Måltal
	2015	2016	2017	2018
Kandidattall på helse- og lærerutdanningene, jamfør måltall	202	215	213	199
Kandidattal GLU 5-10	31	20	38	29
Kandidattal GLU 1-7	21	20	25	43
Kandidattal BLU	75	104	62	59
Kandidattal PPU	75	60	77	68
Kandidattal faglærerutdanning	0	11	11	



### Verksemdmål 3.1: HVO skal vere gode på fleksible utdanningar som du kan ta uavhengig av tid, stad og livsfase

#### Delmål:

- HVO skal vere blant dei fremste på e-læring
- HVO skal utvikle erfaringsbaserte masterutdanningar
- HVO skal gjere utdanning tilgjengeleg for dei som ikkje har høve til å studere på heiltid

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Tal studentar på nett- og desentralisert undervisning	914	1 019	1 286	1 300

### Verksemdmål 3.2: HVO skal i samarbeid med Studentsamskipnaden styrke Volda som regional studiestad ved å vidareutvikle ein kompakt campus med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet

#### Delmål:

- HVO skal leggje til rette for ein praktisk studiekvardag

## Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsystem

### Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar innan utdanning og forskning

#### Delmål:

- HVO skal kontinuerleg arbeide med strategisk utvikling av studieportefølja
- HVO skal med utgangspunkt i strategiplanen, greie ut muligheter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren

### Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

#### Delmål:

- HVO skal arbeide for at 60 prosent av fagstaben har førstekompetanse før 2021
- HVO skal doble talet kvinner i faglege toppstillingar før 2021
- HVO skal ha tilstrekkeleg toppkompetanse for studieprogramma vi tilbyr

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Del kvinner i dosent- og professorstillingar	15 %	19 %	24 %	26 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	11 %	13 %	12 %	10 %
Tal studiepoeng per fagleg årsverk	753	713	696	700
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar	50 %	52 %	53 %	55 %
Del kvinner av tilsette med førstekompetanse	39 %	39 %	48 %	50 %
Gjennomsnittlig sjukefråvær per år	4,9 %	4,4 %	4,7 %	4,3 %

### Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta

#### Delmål:

- HVO skal vere blant dei mest kostnadseffektive i sektoren

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2015	2016	2017	2018
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining	133	141	142	145
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar	2,2	2,3	2,3	2,3

## Større byggeprosjekt

Planlegging av nytt mediebygg som eit kurantprosjekt held fram. Foreløpig kalkyle for prosjektet er om lag 200 mill.kr. Prosjektet skal ut på anbod vår 2018, og det blir fremma regjeringsnotat hausten 2018. Dersom prosjektet blir godkjent av regjeringa, vil ein starte bygginga i juni 2019 og flytte inn i huset ved årsskiftet 2020/2021.

## Budsjettrammer 2018

HVO har hatt ein intern neddelingsmodell som har vore nytta sidan 2007 med mindre justeringar. Det har vore eit viktig prinsipp å ta omsyn til kva som genererer innstraumen av midlar til HVO, og som internt fordeler til nettopp desse aktivitetane. På denne måten vil ein sikre at nødvendige diskusjonar kan kome så tidleg som råd, og hindre at vi over tid opparbeider ubalanse i tilhøvet mellom tildeling til HVO og intern fordeling.

Styret kan likevel vurdere satsingsmidlar til spesielle fagområde. Modellen er under evaluering etter tilpassingar som vart gjort i samband med endring i finansieringsmodell frå KD i 2017.

Dei overordna målsettingane for budsjettfordelingsarbeidet ved HVO skal vere at vi har ein modell som:

- stimulerer til måloppnåing
- stimulerer til at vi får balanse mellom korleis vi blir finansierte og den interne ressursdisponeringa
- gir planleggings- og handlingsrom i ein desentralisert struktur
- skaper vilkår for høgskulestyret og leiinga til å styre på eit overordna nivå, mellom anna ved at modellen synleggjer utfordringane våre
- i størst mogleg grad er gjennomsynleg og pårekeleg, og at den skal kunne akseptertast i miljøet

Fordeling av løyving for budsjettet 2018 vart vedtatt i styremøtet 7. desember 2017 i styresak 86/17.

FORDELING AV LØYVING		Ramme 2017	Budsjettramme 2018
Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL)	1)	68 903	78 721
Avdeling for kulturfag (AKF)	2)	29 165	21 337
Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH)		44 827	45 179
Avdeling for mediefag (AMF)	2)	24 692	34 411
Fellesadministrasjon og felleskostnader		122 339	125 350
Ufordelte utgifter inkl. lønnsoppgjær	3)	2 062	4 500
<b>Sum ordinær drift avdelingar</b>		<b>291 988</b>	<b>309 497</b>
Stipendiatstillingar		13 961	14 747
Interne satsingsmidlar		17 858	19 456
Investeringsmidlar		11 117	11 275
<b>Total løyving</b>		<b>334 924</b>	<b>354 975</b>

- 1) Nynorsksenteret er del av HVO (AHL) frå 1.1.2018. 8,1 mill. kroner av 2018-løyvinga er knytt til Nynorsksenteret.
- 2) Seksjon for media, kommunikasjon og teknologi er flytta frå AKF til AMF frå 1.1.2018. Ramme til denne seksjonen utgjær 8 mill. kroner i 2018-ramma.
- 3) Ramme for å dekke lønnsoppgjæret for 2018 ligg i tabellen over under ufordelte utgifter. Dette blir delt på dei ulike organisasjonseiningane etter at lønnsoppgjæret for 2018 er ferdig.

## Del VI: Årsrekneskap 2017

### Årsrekneskap 2017 - leiingskommentar

#### Formål

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning, nynorsk i utdanning, forskning og formidling og fleksible vidareutdanningstilbod. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

#### Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

#### Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

#### Vurdering av drift i perioden

Ved semesterstart i august 2017 hadde HVO 4.184 registrerte studentar (3.203 heiltids-ekvivalentar) som er det høgste talet vi har hatt nokon gong. Vi prioriterer framleis sterk rekruttering av studentar til grunnutdanningane våre (årsstudium, bachelor og GLU).

Hausten 2017 kom vi i mål med digitalisering av eksamenar. Nytt LMS-system (Canvas) har vorte innført og overgang til ny HVO-vev er gjennomført. Dette er eit viktig prosjekt då veven er hovudkjelde og nav for informasjon om utdanning, forskning og formidling ved Høgskulen i Volda.

#### Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Driftsresultat for 2017 viser eit overskot på 17,0 mill. kroner mot eit budsjett på 0,4 mill. kroner.

Sum driftsinntekter ligg 5,6 mill. kroner over budsjett. Det største avviket her ligg på inntekt frå løyvingar (8,3 mill. kroner over budsjett) og gjeld tilleggsloyvingar knytt til grunnskulelæruddanningane som har kome til 2. halvår 2017. Av desse tilleggsloyvingane er 4,5 mill. kroner knytt til prosjektet DigiGLU som har oppstart i 2018 og som vil gå over 3 år. Inntekt frå tilskot og overføringar og sals- og leigeinntekter er 2,9 mill. kroner lågare enn budsjettet, og også lågare enn fjorårstala. Vi er ikkje nøgde med utviklinga i BOA-inntekter.

Sum driftskostnader totalt ligg 11,0 mill. kroner (2,9 prosent) under budsjett. Årsaken til avviket er ein noko forsiktig budsjetteringspraksis ved høgskulen samt lågare BOA-verksemd enn budsjettet.

I samband med at Møreforskning Volda no er under avvikling, er det under finanskostnader sett av for tap på 1,2 mill. kroner. Avvikling vil vere gjennomført våren 2018.

Samanlikna med fjoråret har vi ein auke i driftsinntekter på 24,9 mill. kroner (7 prosent) som kjem gjennom auke i løyvingar. Kostnadene har auka med 12,3 mill. kroner (3,4 prosent) delt mellom lønn og sosiale kostnader med 5,8 mill. kroner og andre driftskostnader med 6,3 mill. kroner. Korrigerer vi for endring i periodiseringsprinsipp for overførte feriedagar og fleksitid som vart innført i 2016, har vi ei endring i lønnskostnader på 12,9 mill. kroner (5,4 prosent) grunna auke i årsverk på avdelingane.



### Utvikling i avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd

HVO hadde ved utgangen av 2016 bokført avsette middel på løyingsfinansiert verksemd på 58,3 mill. kroner. Denne har auka med 16,8 mill. kroner i 2017 og utgjer no 75,1 mill. kroner.

7,8 mill. kroner av denne auken er knytt til øyremerkte middel og gjeld tilleggsloyvingar vi har fått i 2017 knytt til grunnskulelærerutdanningane samt DigiGLU-prosjektet. Vi har også ein auke på avsette investeringsmiddel på 2,6 mill. kroner.

Styret følgjer nøye med på utviklinga og avsetningane er også eit viktig tema for ei arbeidsgruppe for revidering av budsjettmodellen. Gruppa kom med si tilråding i februar 2018.

### Investeringar i perioden og planlagde investeringar framover

Det er totalt investert for vel 10 mill. kroner i 2017.

Vi leiger hus av Statsbygg som også er ein god samarbeidspart i campusutviklingsprosjektet. Planlegging av nytt mediehus går som planlagt. Sambruk med Volda kommune når det gjeld kultursal i mediehuset er ikkje lenger aktuelt.

Framover (frå 2020) ser vi eit stort behov for investeringsmiddel både knytt til inventar i mediehuset, oppgradering av utstyr i medieutdanningane samt ei ombygging av undervisningslokale i Strøm for å få fleire undervisningsrom tilpassa dei nye læringsformene.

Volda, 8. mars 2018, Høgskulen i Volda ved styret

  
Johann Roppen

  
Jens Standal Groven

  
Tor Johan Ekeland


  
Janne Heggvoll

  
Kjell-Einar Dagfinrud

  
Marie Havnsund

  
Nikolai Hannevik Nordlid

  
Nils Peter Skeide

  
Inger Østensjø

  
Terje Heggem

  
for Kristin Marie Sørheim

## Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

### Generelle regnskapsprinsipper

Regnskapet er utarbeidet og avlagt i samsvar med de Statlige Regnskapsstandardene (SRS) og etter de nærmere retningslinjene som er fastsatt for forvaltningsorganer med fullmakt til bruttoføring utenfor statsregnskapet i Bestemmelser om økonomistyringen i staten av 12. desember 2003 med endringer, senest 5. november 2015. Regnskapet er avlagt i henhold til punkt 3.4 i Bestemmelser om økonomistyringen i staten og retningslinjene i punkt 6 i Finansdepartementets rundskriv R-115 med Kunnskapsdepartementets tilpasninger for universitets- og høyskolesektoren. Alle regnskaps-tall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

### Anvendte regnskapsprinsipper Inntekter

Tildelinger uten motytelse eller med utsatt motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 10 og sammenstilt med de tilsvarende kostnadene (motsatt sammenstilling). Ordinære driftsbevilgninger fra Kunnskapsdepartementet og tilskudd til ordinær drift fra andre departement er med mindre annet ikke er særskilt angitt, å anse som opptjent på balansedagen. Dette innebærer at slike bevilgninger og tilskudd fra Kunnskapsdepartementet og andre departementer er presentert i regnskapet i den perioden midlene er bevilget. Bevilgninger og tilskudd til ordinær drift som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og ført opp i avsnitt C II Avregninger i del C SStatens kapital i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for andre statlige bevilgninger og tilskudd til ordinære driftsoppgaver som gjelder vedkommende regnskapsperiode og som ikke er benyttet på balansedagen. Bevilgninger som gjelder særskilte tiltak og som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og presentert i avsnitt C IV i balanseoppstillingen. Dette gjelder også bevilgningsfinansiert aktivitet hvor det er dokumentert at midlene av bevilgende myndighet er forutsatt benyttet i senere terminer. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen er klassifisert som forskudd og presentert som ikke inntektsførte bidrag i avsnitt D III Kortsiktig gjeld i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Inntekter som forutsetter en motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 9 og er resultatført i den perioden rettigheten til inntekten er opptjent. Slike inntekter måles til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter fra salg av tjenester anses som opptjent på det tidspunktet krav om vederlag oppstår.

### Kostnader

Kostnader ved virksomhet som er finansiert av bevilgninger eller midler som skal behandles tilsvarende, er resultatført i den perioden kostnaden er pådratt eller når det er identifisert en forpliktelse.

Kostnader som vedrører transaksjonsbaserte inntekter er sammenstilt med de tilsvarende inntekter og kostnadsført i samme periode. Prosjekter innen oppdragsvirksomhet er behandlet etter metoden løpende avregning uten fortjeneste. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom påløpte kostnader og totalt estimerte kontraktskostnader.

### Tap

Det er ikke foretatt en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive oppdragsprosjekter. Eventuelle tap konstateres først ved avslutning av prosjektet og er som hovedregel kostnadsført når en eventuell underdekning i prosjektet er endelig konstatert. For aktive prosjekter hvor det er konstatert sannsynlig tap, er det avsatt for latente tap.

### Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Fordringer er klassifisert som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet.

Omløpsmidler er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Aksjer og andre finansielle eiendeler

Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opptjent virksomhetskapskapital. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt. Når verdifallet ikke er forventet å være forbigående, er det foretatt nedskrivning til virkelig verdi.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Varig driftsmidler balanseføres med motpost Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Ved realisasjon/avgang av driftsmidler resultatføres regnskapsmessig gevinst/tap. Gevinst/tap beregnes som forskjellen mellom salgsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet.

Resterende bokført verdi av forpliktelse knyttet til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet er vist som Utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler i note 1.

For eiendeler som inngår i åpningsbalansen er bruksverdi basert på gjenanskaffelsesverdi lagt til grunn for verdifastsettelsen, mens virkelig verdi benyttes når det gjelder finansielle eiendeler. Ved fastsettelse av gjenanskaffelsesverdi er det tatt hensyn til slit og elde, teknisk funksjonell standard og andre forhold av betydning for verdifastsettelsen. For tomter, bygninger, infrastruktur er gjenanskaffelsesverdien dels basert på estimater utarbeidet og dokumentert av virksomheten selv, og dels på kvalitetssikring fra og verdivurderinger utarbeidet av uavhengige tekniske miljøer. Verdi knyttet til nasjonaleiendom og kulturminner, samt kunst og bøker er i utgangspunktet ikke inkludert i åpningsbalansen. Slike eiendeler er inkludert i den grad det foreligger en reell bruksverdi for virksomheten. Finansieringen av varige driftsmidler, som er inkludert i åpningsbalansen for første gang, er klassifisert som en langsiktig forpliktelse. Denne forpliktelsen løses opp i takt med avskrivningen på de anleggsmidler som finansieringen dekker.

For omløpsmidler, kortsiktig gjeld samt eventuelle øvrige forpliktelser som inkluderes i åpningsbalansen, er virkelig verdi benyttet som grunnlag for verdifastsettelsen.

### Immaterielle eiendeler

Eksternt innkjøpte immaterielle eiendeler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Immaterielle eiendeler er balanseført med motpost Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

### Internhandel

Alle vesentlige interne transaksjoner og mellomværender innen virksomheten er eliminert i regnskapet.

### Pensjoner

De ansatte er tilknyttet Statens Pensjonskasse (SPK). Det er lagt til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming, og det er ikke foretatt beregning eller avsetning for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordningen. Årets pensjonskostnad tilsvarende årlig premie til SPK.

### Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert etter kursen ved regnskapsårets slutt.

### Virksomhetskapskapital

Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapskapital ved enhetene.

### Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

### Kontoplan

Standard kontoplan og Kunnskapsdepartementets anbefalte føringskontoplan for virksomheter i universitets- og høyskolesektoren er lagt til grunn.

### Selvassurandørprinsipp

Staten er selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

### Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle bankinnskudd/utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank. Bankkonti utenfor konsernkontoordningen er presentert på linjen Andre bankinnskudd i avsnitt IV i balanseoppstillingen.

<b>RESULTATREGNSKAP</b> (tall i 1 000 kr)	<b>Note</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
Inntekt fra bevilgninger	1	351 173	324 931
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	21 361	20 694
Salgs- og leieinntekter	1	15 589	17 543
Andre driftsinntekter	1	154	216
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>388 277</b>	<b>363 384</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnader	2	252 051	246 290
Avskrivninger	4,5	10 334	10 110
Andre driftskostnader	3	108 935	102 627
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>371 320</b>	<b>359 027</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>16 957</b>	<b>4 357</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	6	10	7
Finanskostnader	6	1 219	21
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>		<b>-1 209</b>	<b>-14</b>
<b>RESULTAT AV PERIODENS AKTIVITETER</b>		<b>15 748</b>	<b>4 343</b>
<b>Avregninger og disponeringer</b>			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-17 003	-4 022
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	1 255	-321
<b>SUM AVREGNINGER OG DISPONERINGER</b>		<b>-15 748</b>	<b>-4 343</b>



<b>BALANSE - EIENDELER</b> (tall i 1 000 kr)	<b>Note</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Programvare og lignende rettigheter	4	2 616	1 369
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<b>2 616</b>	<b>1 369</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Maskiner og transportmidler	5	468	292
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	29 633	31 238
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>30 101</b>	<b>31 530</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	11	100	1 311
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>100</b>	<b>1 311</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>32 817</b>	<b>34 210</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	13	2 897	2 210
Andre fordringer	14	11 329	11 413
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	197	252
<b>Sum fordringer</b>		<b>14 423</b>	<b>13 875</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	137 633	123 690
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>137 633</b>	<b>123 690</b>
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>152 056</b>	<b>137 565</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>184 873</b>	<b>171 775</b>

<b>BALANSE - STATENS KAPITAL OG GJELD</b> (tall i 1 000 kr)	<b>Note</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<b>C. Statens kapital</b>			
<b>I Virksomhetskaper</b>			
Innskutt virksomhetskaper	8	0	0
Opptjent virksomhetskaper	8	1 078	2 333
<b>Sum virksomhetskaper</b>		<b>1 078</b>	<b>2 333</b>
<b>II Avregninger</b>			
Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet	15 I	75 131	58 280
<b>Sum avregninger</b>		<b>75 131</b>	<b>58 280</b>
<b>III Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler</b>			
Statens fin. av immat. eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	32 717	32 899
<b>Sum statens fin. av immat. eiendeler og varige driftsmidler</b>		<b>32 717</b>	<b>32 899</b>
<b>SUM STATENS KAPITAL</b>		<b>108 926</b>	<b>93 512</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige forpliktelser</b>			
Avsetninger langsiktige forpliktelser			
<b>Sum avsetning for langsiktige forpliktelser</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>II Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		19 531	18 773
Skyldig skattetrekk		8 092	8 140
Skyldige offentlige avgifter		8 349	8 334
Avsatte feriepengar		20 656	19 536
Ikke inntektsført bevilgning, tilskudd og overføringer	15 II	4 094	9 155
Mottatt forskuddsbetaling	16	1 988	1 378
Annen kortsiktig gjeld	18, 20	13 237	12 947
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>75 947</b>	<b>78 263</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>75 947</b>	<b>78 263</b>
<b>SUM STATENS KAPITAL OG GJELD</b>		<b>184 873</b>	<b>171 775</b>

**KONTANTSTRØMOPPSTILLING FOR NETTOBUDSJETTERTE VIRKSOMHETER (DIREKTE MODELL)**

<b>KONTANTSTRØMOPPSTILLING (tall i 1 000 kr)</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>Bud 2018</b>
<b>Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter</b>			
<b>Innbetalinger</b>			
innbetalinger av bevilgning (netto budsjetterte)	351 078	330 556	357 038
innbetalinger av skatter, avgifter og gebyrer til statskassen	0	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	17 952	18 227	12 371
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	11 574	22 484	22 650
innbetaling av refusjoner	521	8 234	0
andre innbetalinger	3 497	6 596	3 500
